

Historia om fisket og utviklinga av Tokkeåi og Bandak

av Kai Brattestaa for Bandak Fiskelag

Fisket i Tokkeåi og Bandak var frå gammalt av rekna som særst godt. Det var eit fiske som gav grunneigarane og andre inntekter ved sal og sårt tiltrengt mat på bordet. Det var faktisk fiskarar som levde av å levera fisk til dei mange hotell på Dalen. Ein kan sjå frå gamle rettsdokument at fiske var verdifullt. Stadige eigendomstridar om fiskerettar i Bandak på 1800 talet vitnar om dette.

Det var ikkje utan grunn at ”lakselordane” frå England og andre land kom hit på 1800 talet. Dalen som på denne tida var eit knytopunkt for turiststraumen, som no auka over heile landet. Telemark var som eit eventyr for desse turistane med sin ville og uoppdaga natur. Med denne straumen av turistar kom og lakselordane, og dei oppdaga tidleg Tokkeåi og Bandak. Desse sportsfiskarane skryter av fiske i Tokkeåi og Bandak i sine reiseskildringar. Ein kan og sjå at hotella annonserer mykje med sportsfiske til turistane.

Ein kan bare tenkje seg for eit fiskeeventyr dette var med Tokkeåi flomstor og ”mængder med ørret”, som det står i ei reiseskildring frå 1862. I 1864 anbefalar Mourdant Barnard å ta båten fra Strengen (Lunde) til Dalen, ikkje bare fordi turen frembyr det ”Villeste og ødeste landskap en kan tenke seg, men også fordi elven (Tokkeåi) som renner ut i Bandak er en førsteklasses ørretelv med kulper som en ivrig fisker vil fryde seg over å væte snøret i. En kan få svært stor ørret, og de som liker å bruke spinner vil ha glede av og ro frem og tilbake foran elvemunningen.”

For å få eit påliteleg innblikk i fiskestorleiken, kan me gå tilbake til ein sommardag i 1855. Denne dagen er det engelskmannen sir Fredrick Meatcalfe frå Oxford som kjem inn til Dalen med båt. Han er tydelegvis overraska over at det fins flugefiskarar her i denne endelausa villmarka. Han skriv:

”Jeg ser til min forbauselse en herre som står å fisker med flue i elveosen. Det viste seg å være herr Hetting, som for regjeringens regning reiser rundt i landet for å lære folk å øke fiskebestanden ved kunstig utklekking av laks og annen fisk. Han forteller at han her i fjor en morgen her fikk femogtredve ørret som veide fra ett til seks pund”.

Denne historia er unik for den fortel noko heilt eksakt om fiskestorleiken i Bandak og Tokkeåi i 1854. Han fekk då 35 fiskar frå ca. 500 gram – 3 kg på sommarfiske i osen. Dette seier noko om det gode fiske som var og etter dagens målestokk er dette aurefiske i verdsklasse. Fiskaren herr Hetting er ingen tilfeldig sportsfiskar, det er undertollbetjent Mangnus Gabriel Hetting. Dette er den store pioneren når det gjeld kunstig utklekking av laksefisk.

Denne mannen har reist rundt heile landet og sett det som er av elvar og vatn, men han vel Tokkeåi og Bandak som stad for å fiske med fluge minst 2 sommarar på rad. Dette seier mykje om det gode fisket på denne tid.

Ein kan vere glad for at sportsfiskarane var flinke til å skrive ned desse opplevingane dei hadde her i Tokkeåi og Bandak. Dette er særst viktig dokumentasjon om korleis den opprinnelege stamma har vore før den menneskelege påvirkninga skulle prege perioden 1892-2010 med forfall.

Elendigheta starta antaglegvis slik: Den opprinnelege vasstanden i Bandak var før 1892 omlag 70m moh. Det var nødvendig å heve vasstanden i Bandak, Kviteseidvatnet, Flåvatn for at kanalbåtane skulle greie å trafikkere vestvatna. Hogga reguleringsdam vart då bygd for å kunne regulere vasstanden i Vestvatna. Det var då bestemt at brukseigarane lengre ned i vassdraget skulle kunne bruke 2 m til regulering til fordel for sagbruka sine.

Ein 10000 årig balanse i fiskestamma vart forstyrra og livsløpet til storauren vart nok delvis broten. Denne reguleringa var nok det fyrste store slaget for storaurestamma. Reguleringa førte med seg at det viktige deltaområdet ved utløpet av Tokkeåi blei tørrlagt i periodar på vårane. Dette har nok svekka stamma, for

slike skildringar av sommarfiske som på 1800 talet finst det ikkje på 1900 talet. Stamma var fortsatt stor, men ikkje slik ho var på 1800 talet. et ser ut som at dette kan ha svekka den viktige bekkeniøye bestanden.

Bekkeniøye er viktig mat for at auren skal vekse seg stor nok til å kunne beite på sikstimane ute i Bandak. Fisken som oppheld seg i deltaområdet er tydeleg mindre på 1900 talet enn det sir Fredrik Meatcalfe beskriv i 1855.

Men meir elende var i vente for storaurestamma på 1950-60-70 talet. Tokke Vinje reguleringa var i evne og det vart ei utbygging som favna om både Tokke og Vinje kommunar. Denne kraftutbygginga var ei av dei største i heile Noreg. Nesten heile Tokkeåi vart lagt i rør inn til den store kraftstasjonen på Dalen (Tokke1) Denne utbygginga betydde mykje for straumproduksjonen i landet. I tillegg førte den til mange arbeidsplassar og gode kraftinntekter for dei berørte kommunane.

Dessverre blei ikkje storaurestamma og miljø levna ein tanke på denne tida. Denne utbygginga førte med seg at tømmerfløtinga opphøyrd i Tokkeåi og då vart det fritt fram for garnfiske. Ein kunne nå sette garn omtrent kvar som helst i deltaområdet for det var verken tømmer eller vanskelege straumar frå Tokkeåi. Storaurestamma var relativt stor på denne tida, for dei skadelege effektane av kraftproduksjonen var enno ikkje synlege. Langt betre garn og utstyr var og med på auke beskatninga. Det vart rett etter utbygginga gode fangstar fordi det nå var betrakteleg lettare å fiske i deltaområdet og Tokkeåi. Det var ei jamn og stor beskatning framover på 60-70 talet. Ørekyte vart og innført på 70-80 talet. Det hadde nok og ein negativ effekt.

I 1987 sto Hogga kraftverk klart og dette var starten på den verkelege nedturen i fiske bestanden. Ein kan nok seie at 1980-2010 var den vanskelegaste perioden for storaurestamma i Bandak. Fleire reguleringar enn før av vannstanden i Bandak. Tørrlegging av Tokkeåi ved fleire tilfelle når Lio

kraftstasjon vart stengt av. Intenst fiske etter gytevandrane storaure både i deltaområdet og Tokkeåi. Det var i tillegg ei høg beskatning på den mindre fisken. Ein må nemne her at Fylkesmannen sette foten ned, og freda i 1989 gytevandrane storaure for fiske i deltaområdet og Tokkeåi. Dette hadde ein forholdsvis god effekt, men det var mange "smutthol" i denne fredninga og fiske blei ikkje kontrollert.

Nok ein trussel for storaurestamma kom på 2000 talet og det er ein særst alvorleg trussel. Gjeddha har spreidd seg frå Lunde og står no å bankar på hovedporten til Vestvatna. Me håpar at den kan bli stoppa her. Arbeidet er i gang med å få til ei rotenonbehandling nedanfor Hogga reguleringsdamm og meir permanente sperringar over tid.

2009 vil stå som det året fiskebestanden var på sitt lågaste nokon gong i den titusenårige historia om auren i Bandak, men vil og stå som det året alt snudde. Vilårsrevisjonen av Tokke-Vinje reguleringa vart starta så smått i 2007. Men utålmodige fiskarar og grunneigarar i Bandak-Tokkeåi pressa på for å få ei raskare endring av dei elendige forholda til den ein gong så stolte storaurestamma. Landets fremste forskar på storaure i regulerte vassdrag Morten Kraabøl ved NINA blei kontakta for å sjå på forholda for storaurestamma. Han påpeka ei rekkje problem som kunne hindre vandring og oppvekst for storaurestamma. I tillegg konkludera han med at denne stamma var unik i verdensammenheng, og at det måtte utførast fiskeribiologiske undersøkingar i deltaområdet/Tokkeåi. Statkraft tok dette på alvor å sjølvpåla seg både midlertidige vasstandar, minstevassføringar og undersøkingar før vilårsrevisjonen var ferdig behandla. Dette var nye takter frå Statkraft og blei veldig godt moteke.

Bandak Fiskelag (grunneigarar) tok ansvar og laga nye fiskereglar i samarbeid med NINA, fylkesmann og sportsfiskarar. Reglane vart betydeleg strengare og utan "smutthol". Eit totalforbod mot garnfiske, oterfiske i deltaområdet og Tokkeåi i tillegg minstemål på auren. Det vart og oppretta eit fiskeoppsyn som har fungert bra. Resultata lot ikkje vente på seg, og ein såg små forbetringar etter kort tid. Fisken vart utruleg nok feitare etter bare ein sesong med dei nye tiltaka.

Ein ny æra for den stolte storaurestamma har så vidt starta.